



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Vestnes kommune
Rådhuset
6390 Vestnes

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
Ivar Gulla	24.01.2020	2020/2187 - 15686/2020	Rebekka Varne, 71 28 03 51	14.02.2020

IRSEA ARC AS org. nr. 998 485 967 - Søknad om settefiskløyve på landlokalitet 38077 Daugstad II i Vestnes kommune

Søknad frå Irsea Arc AS om løyve for settefisk på lokalitet Daugstad II i Vestnes kommune er lagt ved. Dei søker om ei biomasse på 1 tonn der fisken vil bli bruka i forskning og vil bli destruert. Dei vil berre bruke saltvatn der inntak og avløp vil vere kopla til Rauma Sætre.

Irsea Arc AS vart gitt eit mellombels settefiskløyve på lokalitet 38077 Daugstad frå 28.11.2017 til 28.11.2019. Vi viser til [vegleiar](#) for forskingsløyve der det står at forskning av settefisk ikkje er omfatta av laksetildelingsforskrifta og at ein må søke ordinære løyve for forskning på settefisk av laks.

Søknaden er vurdert som komplett av Møre og Romsdal fylkeskommune, men vi gjer merksam på at det kan bli bedt om meir informasjon.

Fylkeskommunen sin vurdering er at det ikkje er naudsynt med tilleggsutgreiingar og sender søknaden til behandling hos sektormyndigheiter og Vestnes kommune. Kystverket får søknaden til orientering då søknaden ikkje inneber endringar av inntaks- eller utsleppsleidningar i sjø.

Meiner sektormyndigheitene at tiltaket kan få vesentlege verknader og det ikkje er tilfredstillande utgreie i søknaden må det meldast til fylkeskommunen innan **4 veker** (13.03.2020). Vi ber om at de konkretiserer kva forhold som bør belyst nærare.

Møre og Romsdal fylkeskommune ber om at Vestnes kommune legg søknaden ut til offentleg innsyn i 4 veker. I følgje forskrifta skal utlysinga vere annonsert i Norsk lysingsblad og to aviser som er vanleg lest i området. Vi ber kommunen, etter at søknaden har vore lagt ut til offentleg innsyn, gi uttale om søknaden er i samsvar med kommunale planer og interesser. Kommunen si uttale skal saman med innkomne merknadar sendast til Møre og Romsdal fylkeskommune seinast **12 veker** (08.05.2020) etter at de har mottatt søknaden.

Meiner en part at tiltaket kan få vesentlege verknadar, og det ikkje er tilfredstillande utgreia i søknaden, må det meldast til fylkeskommunen etter kunngjering. Høyringsparten må konkretisere kva forhold som må belyst nærare. Møre og Romsdal fylkeskommune vil saman med aktuelle sektormyndigheiter vurdere om ei tilleggsutgreiing er naudsynt.

Med helsing

Rebekka Varne
rådgivar

Kopi:

Kystverkets hovedkontor
IRSEA ARC AS

Postboks 1502 6025
Daugstadvegen 445 6392

Ålesund
VIKEBUKT

Vedlegg

- 1 Søknad-akvakultur-landbaserte-anlegg-IRSEA ARC 24.01.20
- 2 Tilleggsinformasjon søknad om settefiskkonsesjon
- 3 Vedlegg 1_Gebyr akvakultursøknad Fiskeridirektoratet Irsea ARC AS
- 4 Vedlegg 2_Arealplankart
- 5 Vedlegg 3_N-5-Serie
- 6 Vedlegg 4A_Anleggsskisse
- 7 Vedlegg 4B_Bilde anlegg
- 8 Vedlegg 5_Kvalitetssikringsmanual IRSEA ARC
- 9 Vedlegg 6_Beredskapsplan